



**Du kan få støtte
til reisa di**



PASIENTREISER

Har du vore til behandling, kan du søkje om å få dekt reiseutgifter i etterkant.

Du kan òg ha rett til å få ei rekvirert reise av behandlaren din eller Pasientreiser.

Rettar

Når du søker om å få dekt utgifter etter at du har reist, er hovedregelen at du får dekt reiseutgifter til den næraste staden der det er mogleg å gi behandlinga. Som regel vil du få dekt utgiftene med eit fast beløp per kilometer, uansett kva transportmiddel du har reist med. Reisa må vere lengre enn 10 kilometer, og blir ikkje dekt dersom ho er innanfor éi takstsone.

Reiser du lenger enn 300 kilometer kvar veg, får du dekt utgifter tilsvarende billigaste offentlege transport på strekninga. Skal du reise med fly, så kontakt oss i Pasientreiser. Vi bestiller billett for deg.

Du kan ha rett til å få dekt nødvendige utgifter ved bruk av bil, slik som parkering og bom, og i nokre tilfelle ferjebillett.

Dette gjeld dersom

- du måtte reise for å få akutt hjelp
- behandlaren din dokumenter at helsetilstanden din gjer det nødvendig å bruke drosje eller bil
- Pasientreiser stadfestar at det ikkje går offentleg transport på heile eller delar av reisa, og at det derfor er nødvendig å bruke bil

EIGENDEL

Pasientar må betale éin eigendel kvar veg. Det vil seie at det må betalast to eigendelar for ei tur-retur-reise. Dersom du har frikort, betaler du ikkje eigendel. Eigendelar for Pasientreiser blir rekna med i oppteninga til frikort for eigendelstak 1.

Søk om støtte etter reisa

KOST OG OVERNATTING

Du har rett på godtgjering for utgifter til mat etter faste satsar dersom det var nødvendig å vere borte frå heimen i meir enn 12 timar.

Var det nødvendig å overnatte på reisa, får du dekt utgifter etter faste satsar. Dersom helsa di gjorde at du måtte overnatte på reisa, må behandlaren din dokumentere dette. Når du må overnatte på grunn av lang reiseveg, må du sjølv forklare dette i søknaden.

STADFESTING PÅ OPPMØTE

Når du som pasient sender søknad til Pasientreiser, treng du ikkje leggje ved stadfesting på at du har vore til behandling.

Unntak for når stadfesting på oppmøte må leggjast ved, er

- når føresette søker på vegner av barn mellom 12 og 18 år
- når følgjeperson skal søkje om å få dekt reiseutgifter
- når pårørande skal søkje om å få dekt reiseutgifter
- når søknaden gjeld fristbrot
- for reiser til kurs og behandlingar som ikkje blir registrerte elektronisk
- for personar som har hemmeleg adresse
- for reiser i samband med organdonasjon
- for reiser i samband med tuberkulosekontroll

REISEFØLGJE

Som følgjeperson kan du få dekt reiseutgifter når behandlaren dokumenterer at helsemessige årsaker gjorde det nødvendig for pasienten å ha følgje på reisa. Dersom du har følgt barn under 18 år, treng du ikkje leggje ved dokumentasjon på at reisefølgje var nødvendig.

PÅRØRANDE

Nære pårørende til ein pasient har rett til å få dekt nødvendige utgifter ved reise til

- ein pasient som har livstrugande sjukdom, og som har omsorg for barn under 14 år og ikkje klarer å reise heim, dersom behandlaren har stadfesta at behandlinga varer i minst to veker
- psykiatrisk poliklinikk for barn og ungdom og familievernkontor dersom den ansvarlege leiaren ved poliklinikken eller den faglege leiaren ved familievernkontoret attesterer at det er nødvendig at den pårørende kjem
- eit kompetansesenter for personar med sjeldne og lite kjende diagnoser og funksjonshemmingar
- kurs eller opplæring i regi av ein helseinstitusjon, så sant kurset eller opplæringa har eit medisinsk eller behandlingsrelatert innhald og kursdeltakinga er nødvendig for framtidig oppfølging av pasienten

I tillegg har barn under 18 år rett til å få dekt utgifter når dei reiser til helsepersonell for å få informasjon og nødvendig oppfølging når nokon av søskena eller foreldra deira har alvorleg sjukdom eller døyr.

SLIK SØKJER DU

Pasientar og føresette kan søkje på [Helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) om å få dekt reiseutgifter. Følgjepersonar og pårørende må søkje på papirskjema og sende inn dette i posten. Papirskjemaet finn du på [Helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) eller hos behandlaren din.

Reise med rekvisisjon

Om du treng tilrettelegging av reisa di, kan du få rekvisisjon av behandlaren din eller Pasientreiser. Det er behandlaren din som rekvirerer reisa når du har behov for tilrettelagd transport av helsemessige årsaker.

Helsemessige årsaker kan vere


- betydeleg redusert orienteringsevne
- betydeleg redusert allmenntilstand
- psykiske problem som gjer det vanskeleg å bruke offentleg transport
- vanskar med å sitje eller med å komme inn i og ut av eit transportmiddel

Behandlaren din må òg dokumentere om du har spesielle behov på reisa, og om du har behov for følge på reisa av helsemessige årsaker. Du må rekne med noko ventetid på reisa. Når det er mogleg, reiser fleire pasientar saman.

Kontakt Pasientreiser dersom det ikkje finst tilgjengeleg offentleg transport på den strekninga du skal reise. Vi kan gi hjelp og rett-leiing.

Satsane du får dekt ved pasientreiser, og eigendelen du sjølv må betale, blir fastsette kvart år av Stortinget.

Informasjon om gjeldande satsar og eigendelar finn du på [Helsenorge.no](https://helsenorge.no).



**Søk og les om
pasientreiser på
Helsenorge.no**



Kontakt Pasientreiser på tlf. 915 05 515